



Arkivnr: 2014/12509-8

Saksbehandlar: Inger Marken

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		24.09.2015

## Nytt reglement om "Reiser i Hordaland fylkeskommune"

### Samandrag

Hausten 2014 vart det oppretta ei partssamansett arbeidsgruppe i Hordaland fylkeskommune som har utarbeidd forslag til nytt reglement, Reiser i Hordaland fylkeskommune. Det nye reglementet inneber ei samanslåing av gjennomføringsdokumentet *Bruk av eigen bil*, retningslina *Godtgjersle av utgifter på reise* og rutine for *Reiser i HFK*.

I reglementet som no blir lagt fram for politisk behandling viser ein til at SGS 1001 – reiseregulativet i kommunal sektor – gjeld fullt ut i Hordaland fylkeskommune saman med KS si presisering i skriv datert 20. august 2015 "Reiseregulativet – presisering vedrørende kostgodtgjørelse".

Reglementet er utarbeidd med formål om å skape felles reglar for tilsette i Hordaland fylkeskommune, og vil ha verknad frå 1. oktober 2015.

### Forslag til vedtak

Fylkesutvalet vedtar nytt reglement, Reiser i Hordaland fylkeskommune, med verknad frå 01.10.2015.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør økonomi- og organisasjonsavdelinga

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 15.09.2015

Nytt reglement vart lagt fram for tillitsvalde på informasjons- og drøftingsmøte i mai 2015 og for administrasjonsutvalet 17. juni 2015. Protokollen frå utvalet viser følgjande:

### «Saksprotokoll i Administrasjonsutvalet - 17.06.2015

#### Røysting:

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart vedteke mot 3 røyster (LO-K, YS-K, UNIO).

#### Innstilling

Fylkesutvalet vedtar nytt reglement, Reiser i Hordaland fylkeskommune, med verknad frå 01.07.2015.»

Fylkesdirektør økonomi og organisasjon valde å trekkje saka frå politisk behandling i fylkesutvalet i juni på bakgrunn av at arbeidsgivar ville kvalitetssikre reglementet i høve KS si tolking av staten sin nye «Særavtale om dekning av utgifter til reise og kost innenlands». KS har 20. august 2015 gitt ei presisering til Reiseregulativet SGS 1001 vedr kostgodtgjersle. Her legg KS mellom anna til grunn at «ny sammenslått avtale etter 1. januar 2015 i staten ikke innebærer endringer i omfanget av ansattes rett til utgiftsdekning etter SGS 1001. Oppdrag/reiser som ikke tidligere gav kostgodtgjersle, gir heller ikke det etter gjeldende avtale.»

I reglementet som no blir lagt fram for politisk behandling viser ein til at SGS 1001 – reiseregulativet i kommunal sektor – gjeld fullt ut i Hordaland fylkeskommune saman med KS si presisering i skriv datert 20. august 2015 "Reiseregulativet – presisering vedrørende kostgodtgjørelse".

- Nytt reglementet tar høgde for endringar i staten sitt reiseregulativ innanlands pr 01.07.2015, og fylkeskommunen sitt tidlegare skilje på tenestereiser og yrkesreiser opphøyrer.
- Det er auka sats på godtgjersle av diett, jf staten sitt reiseregulativ.
- Forslaget som omhandlar godtgjersle av utgifter og tid på reise utanlands er nytt i lokalt reglement.
- Forslaget om å godtgjere tid som går med til reise innanlands (tid utover normalarbeidstid) med 1/1-tid er nytt. Tidlegare vart dette godtgjort med 1/4-tid.
- Det er innskjerpa praksis i bruk av kostgodtgjersle ved arbeid innan/mellom eigne einingar, og ved deltaking på kurs/konferansar i regi av Hordaland fylkeskommune.
- Det er auka sats på bruk av eigen bil, jf KS sitt reiseregulativ, men innslagspunktet for å få utbetalt satsen er auka frå 4000 km årleg til 7000 km årleg. I tillegg er det ei innstramming på refusjon av parkeringsutgifter der plass er leigd av HFK. (Det er presisert at ein ikkje kan få refundert meir enn faktiske utgifter).

Saka vert lagt fram for fylkesutvalet utan ny behandling i administrasjonsutvalet. Dette er gjort på bakgrunn av at det ikkje er gjort vesentlege endringar i reglementet i høve det som vart lagt fram for utvalet i juni. Kvalitetssikringa er gjort med sikte på å imøtekomme spørsmåla arbeidstakarorganisasjonane stilte i møte 17. juni.

Reglementet er utarbeidd med formål om å skape felles reglar for tilsette i Hordaland fylkeskommune, og vil ha verknad frå 1. oktober 2015.